

Kva er vilt ?

I fylgje den norske viltlova er vilt alle viltlevande pattedyr, fuglar, amfibiar og krypdyr.

Mus

Spelar viktige økologiske nøkkelroller i naturen



Husmus



Skogsmus




Rotte



Fiellmarkmus



Markmus



Klatremus



Vånd



Lemen

Kva for ein musekrabat trur du lever under buskane her?

Foto: Noregs dyr 1991

TRADISJON OG FOLKETRU

Det finst knapt noko dyr som opptrer så ofte i eventyr, teiknefilmar og barneviser, og som det er knytt så mykje gamal overtru til som mus. Til dømes kunne gravide kvinner som såg ei mus få barn med ein museliknande føflekk på kroppen.


BIOLOGI

Dei finst 16 smågnagarartar i Noreg. Hjø oss i Sogn finst desse artane: husmus, skogsmus, brunrotte, fjellmarkmus, lemen, markmus, klatremus og vånd. Spissmus er ikkje ein smågnagar, dei er nærare i slekt med piggsvina.

Forskning har vist at hoene blir meir og meir sosiale di meir mat dei får, men hjå hannane er jakta på parringsvillige hoer ei altoppslukande interesse som styrer det meste av tida deira...

Spør og spørteikn

Mange artar samlar mat for vinteren, og nøtter er eit populært samleobjekt. Gnag på nøtter kan avsløre kva for art som har vore på ferde:



Skogsmus

Klatremus

Vånd

ØKOLOGI

Smågnagarane er viktige for samspelet i naturen, fordi det er så mange av dei overalt. Dei et mykje og har store svingingar i bestanden. I toppår kan det vere meir musekjøtt enn alle dei andre virveldyra til saman! Dei beitar kraftig på vegetasjonen og gjødslar den. Dei er mat til mange fugle- og dyreartar, og skjermar andre viltartar slik som hare og rype frå rovdyra.

Barfrost og flaum kan gå hardt utover smågnagarbestanden.

FANGST

Musefangst er vel den mest utbreidde fangsten ein kjenner til, og verda har sett utrulege variasjonar i feller og fangstmetodikk. Her er eit eksempel som er i strid med dyrevernlova fordi det er forbode å ta livet av dyr med drukning. Mus skal heller ikkje lide ein pinefull død!

